

## **VEDTEKTER FOR SPAREBANK 1 SØRE SUNNMØRE**

### **KAP. 1 FORETAKSNAMN. FORRETNINGSKONTOR. FØREMÅL.**

#### **§ 1-1. Foretaksnamn og forretningskontor**

SpareBank 1 Søre Sunnmøre vart skipa den 17. september 1853. Vedtektene vart godkjende første gongen ved "høieste Resolution" den 15. februar 1854. Med Finansdepartementet sitt samtykke frå 24. september 1964 vart Hjørundfjord Sparebank og Vartdal Sparebank slegne saman med Sparebanken Volda Ørsta.

Sparebanken skal ha sitt hovudkontor i Volda kommune og ha kontor i kommunane Volda, Ørsta, Ulstein og Herøy.

#### **§ 1-2. Føremål**

SpareBank 1 Søre Sunnmøre sitt føremål er å utføre forretningar og tenester som det er vanleg eller naturleg at sparebankar kan utføre, i samsvar med gjeldande lover og gjevne konsesjonar.

### **KAP. 2 EIGENKAPITALEN TIL SPAREBANKEN**

#### **§ 2-1 Grunnfondet**

SpareBank 1 Søre Sunnmøre sitt opphavelige grunnfond var kr 1 166,30 og var ytt av Volda kommune, som då og femnde om Ørsta, og interesserte som gåve. Grunnfondet skal ikkje tilbakebetalast.

Hjørundfjord Sparebank sitt opphavelige grunnfond på kr 1 200,- var ei trygd frå Hjørundfjord kommune som seinare er frigitt.

Vartdal Sparebank sitt opphavelige grunnfond på kr 2 000,- var ytt av Vartdal kommune og private tilskotsytarar i Vartdal. Dette fondet er tilbakebetalt.

Stiftarar eller andre har ikkje rett til utbyte av verksemda, utover eit eventuelt utbyte på eigenkapitalbevis.

#### **§ 2-2 Eigardelskapital**

Sparebanken har høve til å utferde omsetjelege eigenkapitalbevis. Eigenkapitalbevisa skal vere registrert i Verdipapirsentralen.

Sparebankens eigardelskapital er på kr 100.000.0000 fordelt på 1.000.000 eigenkapitalbevis pålydande kr 104 fullt innbetalt.

## **KAP. 3 GENERALFORSAMLING**

### **§ 3-1 Generalforsamling**

Generalforsamlinga er den øvste myndigheit i sparebanken.

Generalforsamlinga skal ha 20 medlemmer med 12 varamedlemmer.

Medlemene og varamedlemene av generalforsamlinga møter personleg. Det er ikkje høve til å møte ved fullmaktshavar eller med rådgjevar.

Blant generalforsamlinga sine medlemmer vert det valt ein leiar av generalforsamlinga som opnar og leiar generalforsamlinga sine møter. Ved leiar sitt forfall vert generalforsamlinga opna av styret sin leiar, og generalforsamlinga vel ein møteleiar.

### **§ 3-2 Samansetjinga av generalforsamlinga**

7 medlemmer og 4 varamedlemmer vert valde av og blant innskyterane til sparebanken.

4 medlemmer og 4 varamedlemmer vert valde av det offentlege.

5 medlemmer og 3 varamedlemmer vert valde av og blant dei tilsette.

4 medlemmer og 1 varamedlem vert valde av og blant eigenkapitalbevisegarane.

### **§ 3-3 Val til generalforsamlinga**

Myndige personar kan veljast som medlemmer av generalforsamlinga.

Medlemmer og varamedlemmer til generalforsamlinga vert valde for 4 år.

Generalforsamlinga fastset nærmare instruks om vala.

### **§ 3-4 Medlemmer til generalforsamlinga valde av innskyterane**

Myndige innskyterar i sparebanken som har og dei siste seks månedane har hatt eit innskott i banken på minst NOK 2 500, har røysterett og kan veljast som medlem eller varamedlem til generalforsamlinga som representantar for innskyterane. Kvart kundeforhold gjev éi røyst når ikkje anna fylgjer av lova eller vedtektene.

Gjennomføring av valet skjer ut frå den til ei kvar tid gjeldande instruks fastsatt av generalforsamlinga.

### **§ 3-5 Medlemmer til generalforsamlinga valde av og frå det offentlege**

Kommunane Volda, Ørsta, Ulstein og Herøy vel kvar sin representant med varamedlem i eige val.

### **§ 3-6 Medlemmer til generalforsamlinga valde av og blant dei tilsette**

Dei tilsette i sparebanken har røysterett når det skal veljast medlemmer blant dei tilsette til generalforsamlinga i sparebanken.

Tilsette i sparebanken kan veljast som medlem eller varamedlem til generalforsamlinga, som representantar for dei tilsette.

### **§ 3-7 Medlemer til generalforsamlinga valde av og blant eigenkapitalbeveiseigarane**

Eigenkapitalbeveiseigarane skal i valmøte velje 4 medlemer og 1 varamedlem til generalforsamlinga i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande rammebetingelsar. Kwart eigenkapitalbevis gir ei røyst.

Kvar myndig eigar av eigenkapitalbevis kan veljast som medlem eller varamedlem til generalforsamlinga i sparebanken.

Eigenkapitalbeveiseigeranes representantar i generalforsamlinga har rett til å utøve minst ein femdel og ikkje meir enn to femdelar av røystene i generalforsamlinga.

Eigenkapitalbeveiseigeranes val til generalforsamlinga er nærare regulert i ei eiga valinstruks.

### **§ 3-8 Innkalling til generalforsamling**

Ordinær generalforsamling skal haldast innan utgangen av mars månad kvart år.

Innkallinga skal sendast til generalforsamlinga sine medlemer seinast 14 dagar før møtet.

Når dokument som gjeld saker som skal takast opp på generalforsamlinga er tilgjengeleggjorde for medlemene på nettsidene til sparebanken, gjeld ikkje lovkravet om at dokumenta skal sendast til medlemene. Det same gjeld dokument som etter lova skal vere del av eller leggjast ved innkallinga til generalforsamlinga. Eit medlem av generalforsamlinga kan likevel krevje å få tilsendt dokument om saker som skal takast opp på generalforsamlinga.

Medlemer som ikkje kan møte i generalforsamlinga, skal melde dette til sparebanken snarast råd og seinast fem dagar før møtet. Varamedlemer skal kallast inn dersom ordinære medlemer melder forfall.

### **§ 3-9 Møte og vedtak i generalforsamlinga**

Kwart medlem av generalforsamlinga har éi røyst.

Generalforsamlinga er avgjerdsfør når minst halvparten av medlemene er til stade. Varamedlem tel som medlem om desse er innkalla og møter.

Avgjerder i generalforsamlinga vert gjorde med fleirtal av dei gjevne røystene om ikkje anna går fram av desse vedtektene. Står røystene likt, gjeld det som møteleiaren røystar for.

### **§ 3-10 Oppgåvene til generalforsamlinga**

På den ordinære generalforsamlinga skal desse sakene handsamast og avgjerast:

- Val av generalforsamlinga sin leiar for 2 år
- Val av medlemer og varamedlemer til styret
- Val av styreleiar og nestleiar til styret
- Val av medlemer og varamedlemer til valnemnda
- Val av leiar i valnemnda
- Fastsetting av godtgjering til tillitsvalde
- Godkjenning av årsrekneskapen, årsmeldinga og fråsegn frå revisor, samt disponering av årsresultat
- Andre saker som etter lov eller vedtekter høyrer under generalforsamlinga

Generalforsamlinga sin leiar er omfatta av reglane for kreditt til tilsette/tillitsvalde.

Vedtak om eller fullmakt til opptak av ansvarleg lån eller fondsobligasjonar skal treffast av generalforsamling med fleirtal som ved vedtektsendring. Vedtak om eller fullmakt til å oppta anna framandkapital treffast av styret eller administrasjonen etter delegasjonsvedtak frå styret.

## **KAP. 4 STYRET OG DAGLEG LEIING**

### **§ 4-1 Samansetjinga av styret og styret sine oppgåver**

Styret har totalt 7 medlemmer med 4 varamedlemmer, kor 5 medlemmer og 2 varamedlemmer skal veljast av generalforsamlinga, og 2 medlemmer og 2 varamedlemmer skal veljast av og blant dei tilsette i banken.

Styret sine medlemmer og varamedlemmer vert valde for 2 år. Styreleiar og styret sin nestleiar vert valde for 1 år ved særskilde val.

Oppgåvene til styret følgjer av lov og forskrifter.

Det samla styret kan fungere som revisjonsutval og risikoutval til sparebanken.

### **§ 4-2 Administrerende direktør**

Sparebanken skal ha ein administrerende direktør. Administrerende direktør vert tilsett av styret, og har den daglege leiinga av sparebanken.

Oppgåvene til den administrerende direktør fylgjer av lov og forskrifter.

### **§ 4-3 Fullmakt til å teikne sparebanken sitt firma**

Administrerende direktør eller to styremedlemmer i fellesskap, representerer og bind banken med si underskrift.

Styret kan gje prokura og spesialfullmakter.

## **KAP. 5 VALNEMND**

### **§ 5-1 Samansetjinga av valnemnda for generalforsamlingas val**

Generalforsamlinga vel ei valnemnd med 5 medlemmer og 4 varamedlemmer.

### **§ 5-2 Arbeidet i valnemnda**

Valnemnda skal førebu val til generalforsamling, styret og valnemnd, samt foreslå honorar til tillitsvalde.

Generalforsamlinga fastset nærare instruks for valnemnda.

### **§ 5-3 Valnemnda for eigenkapitalbevisseigerane sitt val**

Eigenkapitalbevisseigerane vel ei valnemnd som skal ha 3 medlemer og 3 varamedlemer.

Valnemnda skal førebu eigenkapitalbevisseigeranes val av medlemer til generalforsamlinga med varamedlemer, samt val av medlemer og varamedlemer til valnemnda for eigenkapitalbevisseigerane sitt val.

Valnemndas skal grunngje si innstilling.

## **KAP. 6 BRUK AV OVERSKOT OG INNDEKKING AV UNDERSKOT**

### **§ 6-1 Bruk av overskot**

Overskotet av verksemda til banken etter frådrag av utbytte og utdeling av gåver skal leggjast til bankens fond.

Årsoverskotet og utbytemidlane vert fordelte mellom grunnfondet til banken og eigardelskapitalen. Utbytemidlar kan nyttast til utbytte på eigardelskapitalen, til gåver til ålmennyttige føremål, overførast til gåvefond eller overførast til stifting(ar) med ålmennyttige føremål.

### **§ 6-2 Inndekking av underskot**

Underskot etter resultatrekneskapan for siste rekneskapsår skal ein fyrst freista å dekkja med samhøveleg overføring frå grunnfondskapitalen, irekna gåvefondet, og den eigardelskapitalen som overstig vedtektsfesta eigardelskapital, irekna utjamningsfondet. Underskot som ikkje vert dekt slik, skal dekkjast med samhøveleg overføring frå overkursfondet og kompensasjonsfondet. Underskot ut over dette skal dekkjast ved nedsetjing av vedtektsfesta eigardelskapital og eventuelt ved nedsetjing av annan kapital.

## **KAP. 7 VEDTEKSENDRINGAR**

### **§ 7-1 Vedtektsendringar**

Endring av desse vedtektene kan vedtakast av generalforsamlinga.

Vedtektene i sparebanken kan endrast av generalforsamlinga når minst to tredelar av dei gjevne røystene og minst halvparten av generalforsamlinga sine medlemer røyster for vedtaket.

## **KAP. 8 AVVIKLING**

### **§ 8-1 Avgjerd om avvikling av sparebanken**

Generalforsamlinga tek stilling til styret sitt forslag om avvikling av sparebanken. Vedtak om avvikling skal gjerast med same fleirtal som for vedtektsendringar.

## **§ 8-2 Disponering av kapitalen til sparebanken ved avvikling**

Når sparebanken vert avvikla, skal dei overskytande midlane til sparebanken etter at alle skyldnader er dekte, overført til ei eller fleire sparebankstiftingar.

Vedtatt 21.06.17

§ 2-2 oppdatert etter registrering i Foretaksregisteret 28.09.17